



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Vår ref.
16/208-16/K2 - X03/OLAT

Dykkar ref.

Dato:
14.02.2017

Søknad om tilsot til utdjuping

Bakgrunn

Innseglinga til Florø blei utbetra for heller kort tid sidan, til 16 meters djupne. Westcon Yard Florø AS valde, som ein del av eit kompromiss, å godta ei seglingsdjupne som var mindre enn det reelt sett var behov for. Det viser seg at det ikkje er tilfredsstillande for den verksemda som Westcon Yard Florø AS posisjonerer seg for. Store endringar har skjedd i merknaden dei aller siste åra. Riggoppdraga er av ein heilt annan karakter enn før. Langt færre klassingar skal utførast, og reparasjonar eller ombyggingar er normalt mindre omfattande enn ein baserte seg på for få år sidan.

I dag ønskjer reiarane at riggane kjem til kai lasta med tungt utstyr for å få utført diverse arbeid. Dermed blir riggane flytande djupare i sjøen enn riggar i ballast som skal til klassing. Fartøy med mykje last kan ikkje passere innseglinga til Florø fordi djupna er 16 m, ikkje 20 m som er nødvendig.

Westcon Yard Florø AS har mist to oppdrag på grunn av for grunn innsegling til verftsområdet. Med dei nye føresetnadene som no finst for reparasjons- og ombyggingsoppdrag, vil ein i tida som kjem systematisk tape oppdrag eller ikkje komme i posisjon til å konkurrere om oppdrag på grunn av djupneforholda. Dette er svært uheldig for bedrifta.

Selskapet har nyleg investert meir enn 100 mill. kr for å posisjonere seg for vår tids riggoppdrag. Det er bygt eit moderne kaianlegg med djupne på minst 20 m. Trappetårn og kran er installert for å kunne ta imot moderne riggar. Så langt har ein ikkje fått utnytta dei moglegheitene som dette opnar for, på grunn av dei avgrensingar som for lita seglingsdjupne representerer.

For at Westcon Yard Florø AS skal kunne ta imot riggar til verftet, må innseglingsdjupna vere 20 m. Det er ein føresetnad for at anlegget skal kunne utnyttast fullt ut, og for at sysselsetjinga skal ta seg opp til det nivået som er planlagt og som regionen treng.

I desember 2012 blei det gjennomført eit eigarskifte ved verftet. Westcon Group kjøpte bedrifta av STX. Samtidig skjedde det ei marknadstilpassing av verksemda ved at ein primært ønskte å

posisjonere seg for oppdrag i riggmærknaden. Etter eigarskiftet har strategien vore å utvikle produksjonsmetoden for å skaffe seg best mogleg konkurransekraft. Dermed kan ein få stor verdiskaping i eige land, i staden for å setje bort oppdrag til lågkostland.

Uybyggingsprosjektet

Eit vilkår for at Westcon Yard Florø AS skal lykkast med planane sine, er at innseglinga til Florø blir utdjupa til 20 m. Det vil gi ei trygg og god innsegling som ikkje fordrar ekstraordinære og svært kostbare tiltak for riggar som skal til kai. Enkelte riggar vil ikkje kunne passere noverande innsegling i noko tilfelle. Dersom den ønskte utbygginga blir gjennomført, vil verftet styrkje marknadsposisjonen sin og kvalifisere seg for viktige oppdrag innanfor riggmærknaden. I sin tur vil det skape sysselsetjing i regionen og sikre leveransar av varer og tenester frå ulike verksemdområde.

Det har også mykje å seie for den andre verksemda i Flora at innseglinga til hamna blir utdjupa. Dermed vil ein kunne handtere større skip og flytande bu-, service- og riggfartøy og andre offshoreinstallasjonar. Det er i dag stor aktivitet på ulike terminalar i hamneområdet, spesielt på Fugleskjærsterminalen. Sistnemnde kaiområde har ei lengde på 560 m og blir brukt av Hurtigruten, lokale og regionale ekspressbåtar, containerskip, offshorefartøy og andre spesialskip. Nye kaianlegg er under planlegging eller utbygging.

Ulike reiarlag vil ha behov for å kunne leggje skipa sine til kai i Florø i framtida.

Næringslivet i Flora kommune er sterkt konkurranseutsett. Det har i den seinare tid vore nedbygging av verksemda ved oljebasen i Florø, og aktivitet er flytta til andre stader i landet. Det har skapt utfordringar på arbeidsmarknaden. Omstilling i offentleg sektor har verka i same retning. Ei rekkje arbeidsplassar er lagde ned eller er under nedbygging, m.a. på grunn av omleggingar innanfor politi- og skatteetaten. Strukturendringar i helsesektoren har òg ført til utfordringar på arbeidsmarknaden.

Arbeidsløysa i Flora kommune er for stor. Frå nyttår blei verksemda ved ei stor fiskeindustribedrift avvikla. Vanskane på arbeidsmarknaden har dermed auka.

På grunn av dei nemnde faktorane har det mykje å seie at utdjupinga av innseglinga til Florø blir gjennomført raskt. For å få utbygginga realisert må statlege og fylkeskommunale styresmakter ta det nødvendige ansvaret.

Flora Hamn KF er eigar av og har driftsansvaret for verksemda i hamneområdet. I eit vedlagt skriv blir det lagt vekt på den store verdien ei utdjuping av innseglinga vil ha både for verftet og den andre verksemda i hamnebassenget. Derfor tilrår føretaket at innseglinga får ei djupne på 20 m.

Maritim Foreining Sogn og Fjordane har fått utarbeidd ein verdiskapingsanalyse (jf. vedlegg). Den har kartlagt moglegheit og utfordringar for industrien. Det blir peikt på at ein har best sjanse for å lykkast med vedlikehaldstenester. Flora har definitivt størst potensial av verksemdene i Sogn og Fjordane. Ringverknadene av ny verksemd er elles omtalte i ein studie av Northern Research Institute Alta (Norut) i samarbeid med Møreforskning (Erfaringsstudie om ringvirkningar fra petroleumsvirksomhet for næringsliv og samfunnet for øvrig, 2012).

Samspelet mellom subseanæringa, maritime næringar og marine næringar vil kunne utløyse store potensial for regionalt og nasjonalt næringsliv. Westcon Yard Florø AS ønskjer å posisjonere seg for denne framtida, for eksempel gjennom å kunne gi konkurransedyktige tilbod til store og nye lukka flytande installasjonar som er under planlegging innanfor oppdrettsnæringa.

Kostnader

iVest Consult har gjort tekniske vurderingar av utdjupinga av innseglinga til Florø, noko selskapet også medverka til under den førre utdjupinga. Den totale utbyggingskostnaden er kalkulert til 82,8 mill. kr, eksklusiv meirverdiavgift. Vi viser i den samanhengen til det vedlagde materialet.

Avslutning

Det blir med dette søkt om eit tilskot på 10 mill. kr frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til finansieringa slik at Kystverket kan gjennomføre ei utdjuping av innseglinga til Florø i samsvar med dei planane som er gjort greie for i søknaden, og i den meir utfyllande dokumentasjonen av prosjektet som følgjer vedlagt.

Å byggje ut infrastrukturen i hamnebassenget i Flora må vere ei offentleg oppgåve. Derfor er det søkt om midlar frå staten slik at prosjektet kan bli realisert straks. Frå Samferdsledepartementet si side blir det lagt vesentleg vekt på at fylkeskommunen yter midlar til utbygginga. Dessutan har ein oppmoda om at Flora Hamn KF yter eit bidrag. Det er gode utsikter for at så kan skje.

Prosjektet er prioritert i kommunen sine eigne planar og vi viser til at utdjupinga også er nemnt i Sogn og Fjordane fylkeskommune sine innspel til Ntp.

Dersom utbygginga blir realisert snarast, vil lokalsamfunnet og næringslivet i Flora stå vesentleg betre rusta til å møte dei sysselsetjings- og omstillingsutfordringar som ein allereie står overfor, og som neppe blir mindre i tida som kjem.

Vi ønskjer ei rask behandling av søknaden.

Med helsing

Ola Teigen
ordførar

Terje Heggheim
Rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Kopi til:
Reidar Sandal

